

# *Arnstein Nupen i foredrag i Ørsta Rotary:* – Auka sentralstyring i plan- og byggjesaker

– Tidlegare kunne kommunen gje dispensasjonar der lokale forhold vart tekne omsyn til. No er det i praksis fylket eller staten som avgjer kva som er tillate. Den lokale styringsretten er under sterkt press, hevda Arnstein Nupen på Ørsta Rotaryklubb sitt møte denne veka.

Rotarymedlem Nupen peikte på at regionalt og sentralt nivå har fått sterkare høve til å styre gjennom plan- og bygningslova. Det er bygningsdelen som har vorte endra frå 1. juli 2010.

– Sjølv om lova er god og naudsynt på mange felt, så har lovgjevar gått lengre i å detaljstyre kva kommunane har lov til enn det tidlegare lov gav, sa Nupen m.a.

Rotarymedlemmene stilte spørsmål om kva driftige sunnmøringar kan vente seg dersom ein kjem på tvers av fylke eller stat i bygge- og plansaker.

– Tidlegare har kommunar i ein del saker gitt dispensasjonar frå lova, men dette er det no stramma inn på, sa Nupen. Dersom regional

instans, til dømes fylkeskommunen, eller statleg instans stiller seg negativ til ei lokal sak, kan ikke kommunen gje dispensasjon.

Kombinasjonen av detaljstyrte reglar og reell mangel på å kunne gje dispensasjon gjer at ein sit att med ei sterkare sentralstyring, var inntrykket mange rotarymedlemmer gav uttrykk for.

– Dette er eit dilemma for lokaldemokratiet og sjølvråderetten, hevda president i Ørsta Rotaryklubb, Thor Arne Sørheim.

Foredraget av Arnstein Nupen var eit av Rotary sine yrkesforedrag som vert tilbode medlemmene. Nupen arbeider til dagleg på teknisk sektor i Ørsta kommune.

## Dette er Rotary

\* Rotary er ein internasjonal organisasjon med 1,2 millionar medlemmer i 166 land

\* Medlemmene representerer eit tverrsnitt av næringslivet i lokal samfunnet

\* Formålet er å utveksle kunnskap på tvers av dei ulike yrkesgruppene

\* Ørsta Rotaryklubb har i dag 38 medlemmer



Dagsaktuelt tema: Arnstein Nupen i Ørsta Rotaryklubb orienterte om nytt regelverk etter plan- og bygningslova.